



Statens vegvesen

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Att: Ole Ingar Hagen Hæreid

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:
Olav Svangstu - 57655828

Vår referanse:
2014/105562-004

Dykkar referanse:
14/6116-5

Vår dato:
18.11.2014

Nasjonal transportplan 2018 - 27. Analyse av lufthamnstrukturen. Sogndal lufthamn si betydning for Statens vegvesen

Vi viser til brev frå Sogn og Fjordane fylkeskommune frå den 5. november 2011.

Statens vegvesen Region vest har regionvegkontoret sitt i Leikanger. Region vest består av fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. I tillegg har vegavdeling Sogn og Fjordane kontor i Leikanger. Til saman har Statens vegvesen 191 tilsette her.

Det er stor reiseaktivitet knytt til regionvegkontoret. Det er heilt naudsynt å kunne fylle rolla som hovudkontor. Sidan regionen er så stor, blir mange av reisene gjorde med fly til og frå Sogndal lufthamn.

Sogndal lufthamn ligg i om lag 40 minuttar køyreavstand frå regionvegkontoret. Det er gode forbindelsar både til og frå Oslo og til Bergen tidleg om morgonen. Om kvelden kjem ein seg lett til og frå begge stader. Dette gjer det mogeleg med dagsturar til mellom anna Oslo, Bergen og Stavanger. På same måte er det mogeleg å få besøk utanfrå på dagsbasis. Sjølv om vi kunne ønskt oss fleire avgangar, fungerer flytilbodet tilfredsstillande for oss.

Vi har sett på flyreisene som tilsette i Statens vegvesen har gjort til og frå Sogndal lufthamn første halvår 2014. Vi reknar med at det vil vere eit representativt og stort nok utval til å seie noko om reiseomfanget.

Det vart gjort 568 reiser mellom Sogndal og Bergen (og vice versa) med fly. Mellom Sogndal og Oslo var det 672 reiser. På årsbasis kan vi dermed rekne med at det er nærare 2 500 reiser over Sogndal lufthamn med tilknytning til Statens vegvesen.

Reisene er fordelte på 18 destinasjonar innanlands. For første halvår fordelar dei seg slik:

Oslo	516
Bergen	382
Stavanger	220
Andre	122

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Askedalen 4
6863 LEIKANGER


Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Dette illustrerer godt aktiviteten i regionen: Stor kontakt med Vegdirektoratet i Oslo og dei to største avdelingskontora i regionen, Bergen og Stavanger.

Mange møte vert i dag avvikla med videokonferanse, og i tillegg vert ein del reiser gjort med andre transportmiddel (bil, båt, buss). Likevel er Statens vegvesen heilt avhengig av det flytilbodet vi har no. Dersom næraste flyplass vert på Sandane eller i Florø, betyr det ei reisetid til flyplassen på to eller tre timar. Det ville vi i praksis ikkje ha nytte av det.

Då regionvegkontoret vart lagd til Leikanger i 2003, hadde vi bort i mot same flytilbod som no, og gode kommunikasjonar var nærast ein føresetnad for etableringa. Det er vanskeleg å sjå føre seg korleis regionvegkontoret i Leikanger skal kunne fungere som i dag dersom Sogndal lufthamn vert lagd ned.

Med helsing



Helge Eidsnes
regionvegsjef



Olav Svangstu

Kopi: Sogn regionråd
Postboks 153
6851 Sogndal